

Nr. 3 2006 • 47. årgang • kr 50,-

Tidsskrift for aktuelle språkspørsmål

# SPRÅKLIG SAMLING



- **Festskrift til Tove Bull**
- **Lunden, Koht, språklig samling og LSS**

## Samisk språksjokk!

I den nye læreplanen for grunnskolen står det nå at 7.-klassinger skal «gjenkjenne og uttale bokstavene i det samiske alfabetet». Det er ikke presisert hvilket samisk alfabet det er snakk om, men vi kan vel uten videre regne med at det er snakk om det *nordsamiske* alfabetet. Dette har vakt enkelte reaksjoner. VG fikk sjokk over hele forsida, og Siv Jensen veit ikke om hu skal le eller gråte. De reaksjonene går det på et vis an å forstå. Verre blir det når leder i Utdanningsforbundet/Oahppolihttu, Helga Hjetland, mener at lærerne «ikke har kompetanse til dette».

Om det å lære seg de viktigste samiske uttalereglene er uoverkommelig for en gjennomsnittlig lærer, har nok Hjetland større problemer å løse i skolen og i lærerutdanninga enn vi har lyst til å tenke på. For hvor mye jobb er det snakk om? Om vi ser bort fra uttaledetaljer og bokstaver og lyder som er omtrent like de norske, koker det stort sett ned til rundt *åtte* mer spesielle bokstaver som elevene skal lære seg uttalen på. Ingen av lydene de representerer bør være særlig vanskelige for en nord-

mann å uttale noenlunde greit. Bokstavene likner dem vi kjenner fra norsk. De fleste av bokstavene og lydene de representerer, finner vi dessuten igjen i andre kjente europeiske språk. Hvor lang tid kan det ta å lære seg disse åtte bokstavene? En skoletime? Ti minutter?!

Det er altså enkelt, tar kort tid, og representerer et absolutt minimum av allmennkunnskaper om et av de to offisielle språka vi har i Norge, men likevel er det visst skummelt nok til at VG får sjokk, Siv Jensen kommer i ubalanse og Helga Hjetland bekymrer seg for lærerne. Åtte rare bokstaver fra et totalt ukjent språk som de snakker i Ultima Thule – hu! De fem sjuendeklassingene som uttaler til VG at de «syns det er en kjempegod idé og gleder seg til å lære om et nytt språk», har tydeligvis ikke innsett Alvoret. Men la oss håpe de i det minste får lært seg noen av bokstavene før Siv Jensen får fortalt dem at det er totalt unyttig og altfor vanskelig for dem.



### Styret i LSS 2006-2007

Vanja Røkkum Jahnsen, leder  
 Arne Torp, nestleder  
 Thomas Hoel, sekretær  
 André Stryger, kasserer  
 Elsa Kristiansen, styremedlem  
 Hans-Christian Holm, styremedlem  
 Ivar Hundvin, varamedlem  
 Pål Styrk Hansen, varamedlem  
 Eric Papazian, varamedlem  
 Ellen Skolseg, varamedlem

### SPRÅKLIG SAMLING

ISSN 0333-0362

Utgitt av Landslaget for språklig samling  
 Organisasjonsnummer 886 343 922

Ansvarlig redaktør: Hans-Christian Holm

E-post: [redaksjon@sprakligsamling.no](mailto:redaksjon@sprakligsamling.no)  
 (redaksjon@sprakligsamling.no)

Leiar: Vanja Røkkum Jahnsen

E-post: [vanja.r.jahnsen@optonet.no](mailto:vanja.r.jahnsen@optonet.no)

Nettsted: [www.sprakligsamling.no](http://www.sprakligsamling.no)

Adressa til laget og bladet:

Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo

Kontonummer 0532 1078666

Bladpengar: kr 150,-

Medlemspengar (inkluderer bladpengar): kr 250,-  
 per år

for skoleelevar og studentar

kr 125,- per år

E-post-adresse for spørsmål om abonnement og medlemskap: [kasserer@sprakligsamling.no](mailto:kasserer@sprakligsamling.no)

## Festskrift til Tove Bull

G. Alhaug, E. Mørck og A.-K. Pedersen (red.): *Mot rikare mål å trå. Festskrift til Tove Bull*. Novus forlag 2005. 361 s.

Tove Bull har skrive to artiklar i *Språklig Samling*, begge om lese- og skriveopplæring på dialekt, eit mye omdiskutert forskingsprosjekt ho var leiari for på 1980-talet. Artiklane stod i bladet i 1982 og i 1987. Ho har aldri vore med i LSS; i staden gjorde ho ein stjernekarriere i Noregs Mållag (nestleiar midt på åttitalet) og i Norsk språkråd (leiari av nynorskseksjonen og dermed annakvart år av rådet frå 1988 til 1996). Dei verdiane ho alltid har stått for som språkpolitikar, har likevel vore dei same som LSS sine: eit folkeleg skriftspråk, dialektreising med særleg vekt på nordnorsk, ein liberal og open nynorsk, mangspråklegheit, styrking av norsk språk mot presset frå engelsk, støtte til samisk språkreising, feministisk språkkritikk. Mest kjent har ho vorte som mangeårig rektor ved Universitetet i Tromsø (1995-2001), der ho har hatt stilling i nordisk språkvitskap sidan 1983 (professor frå 1990). I fjor haust fylte ho seksti år. Tre kollegaer på instituttet hennar har redigert eit festskrift i den samanhengen, ikkje av den typen der skrifter av jubilarer blir samla, men der andre skriv om emne som er viktige for jubilarer.

Biografien til Tove Bull blir nøyare utgreidd av Ernst Håkon Jahr i den første artikkelen i boka. Den har ein dobbel budskap. Den eine er å samanfatta Tove Bulls innsats. Den andre er å demonstrere språkpolitikken i *Norsk biografisk leksikon*, som artikkelen eigentleg var skriven for. Jahr skreiv på radikalt bokmål, men fekk språket retta til «pent» konservativt (eller «moderat») språk. Da han ikkje kom nokon veg med det, gjekk han over til å skrive nynorsk i andre artiklar seinare i verket. Men i festskriftet står artikkelen på si eigentlege målform.

Artiklane er gruppert i bolkar etter emneområde, og blir avslutta med ein bibliografi over Bulls faglege arbeid til og med 2004. Pussig nok samlar dei fleste artiklane med norske emne seg i første halvdel av boka, mens siste halvdel i stor grad består av ikkje-norske bidrag. Det ser ikkje ut som dette er tilsikta. Eg tar ein kort gjennomgang av emneområda utan å nemne alle artiklane, men eg går til gjengjeld nøyare inn på nokre få av dei, særleg ein av Helge Sandøy som drøftar sentrale problem for LSS. Til slutt fyller eg eit par lakunar i bibliografien.

### Norskrelaterte artiklar

Første emneområdet er *faghistorie*, der Carol Henriksen dreg fram ein dansk-norsk «sosiolingvist» frå 1700-talet, og Geirr Wiggen beskriv eit detektivarbeid: leitinga etter

eit grammatikkmanus av ein kvinneleg grammatikklærer frå 1800-talet, Jacobine Dunker. Han konkluderer med at manuset må ha funnest, men at det er heilt uvisst om det framleis finst. Etter det har Wiggen leita vidare, og framhald med løysinga på mysteriet kjem i ein artikkel i tidsskriftet *Maal og Minne* til vinteren eller våren (Wiggen under utgj.).

Neste felt er *språkleg ideologi*, også med eit historisk tilsnitt: Aud-Kirsti Pedersen beskriv Elias Blix som målmann, og Kjell Venås skriv om «nynorsk nasjonalisme». Venås gir ein del interessante glimt tilbake til den mest nasjonalistiske fasen av målrørslesoga – frå 1905 til 1940, ikkje minst om målfolk si rolle i «Grønlandssaka» på 1920- og 30-talet. Men vi får ingen djuptgåande analyse av den nynorske nasjonalismen, og heller ikkje av samspelet og motsetningane mellom den *nynorske* og den *norske* nasjonalismen, som har endra seg markert over tid. Målstriden har jo for ein stor del vore ein strid mellom ulike nasjonsoppfatningar, og maktforholdet mellom dei endra seg drastisk med den andre verds-krigen. Dette synspunktet avviser Venås, men utan å avkreffe det med reelle argument. Her er det grunnlag for langt kraftigare spadetak, og slike tak blir no tatt av eit aktivt ungt forskarmiljø knytt til Ivar Aasen-instituttet i Volda. Så på dette feltet har vi mye spennande i vente.

*Språknormering og språkplanlegging* er eit viktig emne både for Bull og lesarane av *Språklig Samling*. To av artiklane i denne bolken har ikkje-norske emne: Randi Rønning Balsvik skriv om språk og nasjonsbygging i Afrika, særleg Etiopia, og Kristin Killie om den engelske adverb-endinga *-ly*, som ho viser har spreidd seg i språket gjennom aktiv normering – ikkje av språknemnder, som engelsk ikkje har hatt, men av grammatikarar som har propagandert for det «gode og rette språket».

Dei to «norske» artiklane i bolken er av Brit Mæhlum og Helge Sandøy.

Mæhlum skriv, som Venås, om nynorsken, og da på ein meir teoretisk kultursosiologisk bakgrunn (eller kultursemiotisk, som ho seier). Ho tar utgangspunkt i ein internasjonalt motsetnad mellom dialekt og standardtalemål, som i nesten alle vestlege land ligg i kvar sin ende av skalaer som lokal – overregional, stigmatisert – prestisjefull, kvardagsleg – offisiell, uformell – formell, rural – urban og tradisjonell – moderne. Særleg det siste, tradisjon vs. modernitet, går ho nøyare inn på, og spør så om nynorsken er i tradisjonens varetakt. Svaret hennar er ja, og ho refererer til haldningsundersøkingar frå 1990-talet

som viser at nynorsken av ungdom framleis blir oppfatta som eit gammaldags og tradisjonelt bygdemål. Han ligg altså nærast «dialektpolen» i dei landa vi gjerne samanliknar oss med: Han er lokal eller regional, knytt til den rurale periferien, markert og avstikkande, og tradisjonell, mens bokmålet er overregionalt og nøytralt, eit urbant sentrumsmål, umarkert og vanleg, og moderne. Det at nynorsken er offisielt jamstilt og utvikla som akademisk språk med eit klart elitepreg, også i kunstnarleg samanheng, ser ikkje ut til å ha endra desse oppfatningane særleg. Mæhlum avsluttar med at desse stereotypiane ikkje er garantert evig liv, men ho peikar på viktige problem som nynorskfolk vil måtte arbeide hardt med også i framtida.

### Normerings sirkelens makt

Helge Sandøys artikkel, «Frå 'en levende organisme' til språklig 'usus'», går rett inn i Språklig samlings sentrale arbeidsfelt. Denne artikkelen er trykt her i dette nummeret av Språklig Samling, så eg treng ikkje referere innhaldet, men eg gir ei kort samanfating som utgangspunkt for nokre kritiske kommentarar.

Sandøy kritiserer språkvitaren og riksmålsmannen Helge Dyvik (2003) for å ha eit statisk normsyn når han meiner at skriftspråksnormene i eit samfunn er ein «stilltiende overenskomst mellom språkbrukerne», og held fram det synet at desse normene er resultat av eit sosialt spel der sentrale premissgjevarar formar folks haldningar til kva som skal gjelde som korrekt og ukorrekt, og der store delar av folket får prenta inn at deira talemålsformer ikkje er gode og rette nok. Han går til felts mot det korrektheitsidealet som språklege autoritetar spreier, og går så over til å drøfte usus-prinsippet: bruken av faktisk språkbruk (framkomme gjennom søk i trykte tekster som aviser og skjønnlitteratur) til å bestemme kva som skal gjelde som korrekt. Han peikar på at avisredaksjonar og forlag gjennomfører stramme normer i det dei gir ut, slik at vi har ei bevisst einsretting av formvalet. (Jahrs artikkel her i boka, som vi nemnde ovanfor, viser jo også det.) Såleis er normering i stor grad maktpolitikk og skriftspråket ein arena der det ikkje er like vilkår for alle.

Dette har Sandøy illustrert fleire stader med det han kallar «normerings sirkelen» (t.d. Sandøy 2003). Den tar utgangspunkt i språkrettarane i Aftenposten, NTB og liknande organ, som einsrettar formvalet der, og så blir desse produkta lesne av folk som får festna normoppfatninga si og sjølve skriv i samsvar med det (eller blir retta av dei same språkrettarane om dei vik av, jf. Jahr), og så blir språkbruken deira registrert av Språkrådet som fastset rettskrivinga på dette grunnlaget, og dette tar språkrettarane i sin tur som grunngeving for å halde fram med den same einsrettinga.

Sandøys resept er ein normeringsprosess som synleggjer denne maktpolitikken, og dermed blir provoserande og omstridd. Han meiner språkstriden har

verka bevisstgjerande om dei sosiale mønstra som ligg under språknormene, og kritiserer på det grunnlaget Kulturdepartementet og det nye Språkrådet for å tildekkje maktspelet ved å «normalisere» og avpolitiserer språknormeringa. I siste nummeret av årsskriftet *Språk i Norden* (Sandøy 2005) har Sandøy ein lengre artikkel der han utviklar desse ideane grundigare.

Sandøys situasjonsbeskriving er langt på veg treffande, men nokre spørsmål og motforestillingar kan ein sette fram.

Det første gjeld spørsmålet om kva språknormer er. Sandøy seier ar det er «forestillingar hos individa om kva som kollektivet forventar av dei». Det spørst om ikkje dette blir både for snevert og for overflatisk. På sett og vis ligg det nær Dyviks definisjon: «en stilltiende overenskomst mellom språkbrukerne». Men normene vil hos dei fleste av oss fungere meir aktivt enn som så: nemleg som ei ubevisst oppfatning om kva ein sjølv forventar av andre som skriv same målform – og som ein ved normavvik kan vise seg å ha ei sterk kjenslemessig tilknytning til. Altså: Normene er ikkje berre forventningar om andre, men også eins eigen eigedom. Sandøys oppfatning om at korrektheitsidealet hos folk nærmast berre er eit resultat av indoktrinering, er truleg ei undervurdering av dette momentet frå ein normrelativist (som alle lingvistar eigentleg er, i alle fall i prinsippet, men få ikkje lingvistar). Det er nettopp på dette punktet at tidlegare språknormerarar etter alt å dømme forrekna seg – ved å tru at folks normoppfatningar var om lag så overflatiske som Sandøy seier. Derfor er det viktig for språkradikalarar å ha ei realistisk oppfatning av dette. Da kan ein ikkje unngå at ein må ha eit skarpt auge på skriftspråksbruken når ein normerer, ikkje berre for å følgje den passivt, men også for å sjå kor det er opning for reformer og endringar i ei ønskt retning – for skriftspråksbruken er ikkje monolittisk.

Også i argumentasjonen om «normerings sirkelen» er det eit veikt ledd. Dei mektige språkrettarane kan konservere og stadig på nytt innprente dei eksisterande normene, som Sandøy seier. Men det er ikkje dermed gitt at dei kan *endre* desse normene, om dei skulle ønskje det, altså fritt kjøre fram nye stavemåtar og få dei godtatt i alle dei andre ledda i sirkelen. Og da er ikkje makta deira uavgrensa likevel. Forsking i denne problematikken bør ta utgangspunkt her, og prøve å finne ut korleis endringar i stavemåtar får gjennomslag. Det hadde såleis vore svært relevant å ta for seg den fasen da norsk-dansk vart til riksmål og så bokmål, og fokusere på dei store endringane som faktisk vart gjennomført. Korleis fungerte normerings sirkelen da – kva hadde han makt til å hindre, kva bidrog han til å gjennomføre, og kor skjeddde endringane før normerings sirkelen godtok han? Dette kan vere svært interessant.

Sandøy skriv ikkje noko særleg om nynorsken i denne artikkelen, men her vil ei komparativ gransking mellom

målformene ha interesse. Det er klart at nynorsken har hatt ein langt svakare normeringssirkel og langt meir normpluralisme i praksis enn bokmålet. Likevel tyder mye på at språkbruken i nynorsken også konvergerer mot ei snevrare norm enn den offisielle. Dermed kan ein stille spørsmål ved den lett konspiratoriske forklaringsmodellen Sandøy legg fram. Er sirkelen ei verkeleg årsak til normkonvergensten i skriftspråket, eller berre eit symptom på noko djupare og meir grunnleggande ved den moderne samfunnsforma? Kan den aukande formkonvergensten i nynorsken ha samanheng med at målforma har fått ein stadig meir reell riksspråksstatus, både i kjerneområdet og i nasjonale institusjonar – og at det dermed veks fram ein stadig sterkare skilnad mellom umarkert («nøytralt») og markert språk? Og korleis vil det i tilfelle rime med Mæhlums analyse og konklusjon? Ein bør ikkje la vere å stille spørsmålet om både Mæhlum og Sandøy gjer problematikken dei skriv om, meir ein-dimensjonal enn han fortener.

### Utsyn

Så løftar blikket seg ut over det norske språksamfunnet – i nesten heile resten av boka. Vi får ein bolk om *samiske språkforhold*, der dei mest interessante artiklane for ein allmenn lesarkrins nok er Nils Øivind Helanders om lese- og skriveopplæring på samisk og Ole Henrik Maggas om vilkår og framtidsutsikter for dei samiske språka. Neste bolk rettar blikket mot *andre språkminoritetar*: Anna-Riitta Lindgren skriv om truga språk og språkleg emansipasjon på Nordkalotten, der samisk sjølvstog høyrer med, men fokuset er like sterkt retta mot kvensk og meänkieli (tornedalsfinsk), og det internasjonale bakteppet blir klart markert. Einar Niemi skriv om Europakonvensjonen for nasjonale minoritetar og den norske oppfølginga av den, både for språka på Nordkalotten og for nasjonale minoritetar lenger sør (jødar, tatarar, sigøynarar, skogfinnar). To andre artiklar fører oss til Australia, der Bull hadde eit forskingsopphald etter rektortida si. Ian G. Malcolm skriv om problema aboriginspråka har i det australske utdanningssystemet, og Anne Pauwels skriv om korleis ei immigrantgruppe (afrikaans-talarar frå Sør-Afrika) held oppe språket sitt i Australia.

*Engelskspråkleg påverknad* er eit nesten sjølvstog emne for ein bolk, men perspektivet er nordisk, ikkje norsk. Tore Kristiansen refererer frå ei nordisk meiningsmåling om vanlege folks haldningar til engelske importord og forhold til engelsk som bruksspråk, som for øvrig blir lagt fram i full breidd i ein eigen rapport til hausten (Kristiansen og Vikør 2006). Kristiansen ser særskilt på variabelen «samfunnssyn», dvs. spørsmålet om informanten prioriterer individualisme eller solidaritet som grunnleggande samfunnsverdi, og undersøker om det er ein samanheng mellom dette og synet på engelsk påverknad. Han finn at det i ganske høg grad er tilfelle at individualistar har eit positivt syn på engelsk, mens

dei «solidariske» er atskilleg meir skeptiske – og at det viser seg i fleire land. Den andre artikkelen om engelsk påverknad er ei balansert drøfting frå ein svensk ståstad av Britt-Louise Gunnarsson, som spør om det er snakk om eit trugsmål eller ei naturleg endring. Gunnarsson deler opp samfunnet i tre språksfærar: den globale sfæren, der engelsk er nødvendig, den nasjonale samfunnsmessige sfæren, der tap av domene (som dei vitskapelege) til engelsk kan vere eit trugsmål, og den private sfæren, der innblanding av engelsk signaliserer haldningar som kan kjennast som trugsmål av somme og som naturlege, særleg for ungdom, av andre.

*Språkleg variasjon og fleirspråklegheit* er eit like naturleg emne for eit festskrift til Tove Bull, og eg nemner to danske artiklar: Frans Gregersen drøftar forholdet mellom sosiolingvistisk determinisme og voluntarisme: Er det slik at språket vårt (dialekten vår) med nødvendighet dømmar oss til ein viss plass i samfunnet, altså at dei som snakkar dialektalt vil bli utestengt frå samfunnseliten fordi dei aldri klarer å slette spora av dialekten (determinisme)? Eller er det slik at alle kan gjennomføre ei vellykka klassereise ved å lære seg elitespråket perfekt (voluntarisme)? Utgangspunktet er Eliza Doolittle i *Pygmalion / My Fair Lady*, som vel mest kan takast til inntekt for den første tesen, men Gregersen kjem til at sanninga ligg ein stad imellom, som venteleg kunne vere. Inge Lise Pedersen skriv om fleirspråklegheita i det danske samfunnet frå 1500 til 1800 og påviser korleis den er blitt «viska vekk» i seinare nasjonalistisk historieskriving.

Dei to siste emna er *Språk og kjønn* og *Språket i bruk*, med tre artiklar i kvar. No yter eg verken Tove Bull eller dei seks artiklane rettferd, men eg vel likevel å nøye meg med å nemne dette og vise til sjølve festskriftet for dei som vil gå meir inn i desse felta.

### Bibliografien

Til slutt nemner eg berre eit par feil og lakunar i bibliografien, som inneheld 209 faglege arbeid av Tove Bull, frå 1972 til og med 2004, det aller meste frå 1980 og framover. I 1987 gav Bull ut eit festskrift til Kjell Venås, *Mål og medvit*, saman med Ernst Håkon Jahr og Geirr Wiggen, og sidan Bull der både skreiv ein artikkel og sette opp Venås sin bibliografi, er boka ført opp med tre nummer (73-75), men Wiggen er uteglømt som medredaktør to stader. Av Bulls egne arbeid saknar eg fem:

1988:

Dagens vinje – gårsdagens Vinje. *Syn og Segn* 3. 179-193.  
(Ein svært så framsynt artikkel, skulle det vise seg).

1991:

Current Issues in Official Norwegian Language Plan-

ning. *New Language Planning Newsletter* 6, 2. 1

Prinsipp og ideologiar bak norsk rettskrivingsnormering. I H. Sandøy o.a. (red.): *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. 66-85

Språklig identitet i ei nordnorsk fjordsamebygd. I I. L. Pedersen o.a. (red.): *4. Nordiske Dialektolog-konferanse, Askov højskole 12.-16. August 1990. Konferenceforedrag. Danske folkemål* 33. 23-35

Håløygminne som kjelde for nordnorsk språkgranskning. I G. Alhaug o.a. (red.): *Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. Desember 1991*. Oslo: Novus. 81-93

Denne meldinga har mest vore nokre punktnedslag, slik ei melding av ei så mangslungen bok vanskeleg kan unngå å bli, men eg håpar ho har fungert som ei solid tilråding av boka.

#### **Referansar:**

Dyvik, Helge 2003: Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning? I Omdal og Røsstad 2003, s. 25-40

Kristiansen, Tore og Lars S. Vikør (red.) 2006: Språkhaldningar i Norden. Ei meiningsmåling. Oslo: Novus

Omdal, Helge og Rune Røsstad (red.): 2003: Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis. Forskningsserien nr. 33, Høgskolen i Agder. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Sandøy, Helge 2003: Den norske normeringssirkelen. I Omdal og Røsstad 2003, s. 259-271

Sandøy, Helge 2005: Normering som kamp om symbol- og premissmakt. Frå norsk normeringshistorie. I T. Brevik o.a. (red.): *Språk i Norden 2005*, s. 61-79. Oslo: Novus

Wiggen, Geirr under utgj.: Jacobine Dunkers tapte grammatikk. Eterrakst og ettertanke. I Maal og Minne.

# Frå «en levende organisme» til språklig «USUS»

## 1. Språket – noe vi ikkje skal røre ved?

I samband med ei språkpolitisk utgreiing i 1909 (Eitrem & Schjøtt & Larsen 1909) blei det ein lang diskusjon om eit språk er «et levende vesen som [...] kan endres ved bevisst planlegging». Den seinare stortingspresidenten C. J. Hambro skreiv i 1913 at «[Riksmaalet] er en levende Organisme hvis Skjæbne ikke kan avgjøres av nogen-somhelst Foreningskongress». Men han blei oversett, og i mandatet for rettskrivingskomiteén av 1917 heiter det at «komiteen maa altid ha for øie at den skal aapne veien for en utvikling frem imot national samling paa grundlag av folkets virkelige talesprog» (Haugen 1966:61–68).

Dette er to velkjente standpunkt, og dei representerer to motsette førestillingar om skriftspråket. Hambro argumenterer med kva språket *er*, og med naturen i språket. Mandatet for rettskrivingskomiteén i 1917 uttrykte det velkjente samnorsksynet som går i retning av at skriftspråket er noe vi konstruerer som eit kulturprodukt. Dette gjeld tydeligvis ikkje fullt ut, for når teksten i mandatet refererer til ei «utvikling», kan det ligge ei førestilling om at det også fins krefter komiteén ikkje rår over. Men det må i alle fall finnas alternative mulige utviklingar ettersom departementet vil opne for ei av dei. Det fins altså eit «handlingsrom» som ein kan konstruere språket innafor.

Dei to motsette førestillingane om skriftspråket kan vi i moderne fagsjargong omtale som *essensialistisk* og *konstruktivistisk*. Diskusjonen gjeld om språket *er* noko som vi bare skal innrette oss etter, eller om vi kan og bør *skape* det. Det ligg sjølv sagt makt allereie i det å kunne dominere kulturdebatten med den eine eller andre av dei to førestillingane, dvs. i å ha definert det sjølv sagte.

## 2. Skrift, tale og normdanning

Skrift er jo noe anna enn tale. Dét blir ofte dratt fram som argument mot dei som vil at skriftnormeringa skal bygge på talemålet. Da fagnemnda for bokmål i Norsk språkråd skulle begynne det siste store revisjonsarbeidet, presiserte ho eine premissen: «Fagnemnda sa prinsipielt ja til å ta ut en del sideformer (i bokmål) som ikke eller i svært liten grad er i bruk. 'Lite brukt' blir her forstått som *lite brukt i skrift*.» (Referat frå møte 2.10.1996.) Argumentet om at skrift er noe anna enn tale, er ikkje ukjent i nynorskseksjonen heller, men der blei det i 1997 vedtatt retningslinjer som la til grunn at ein skulle ta omsyn til både talemålsutbreiing og frekvens i nynorsk skrivepraksis. Slik sett var dei prinsippa meir i samsvar

med tradisjonen tilbake til dei tidligare store utgreiingane for rettskrivingsendringane på 1900-talet.

Grunnlaget for å hevde at det er eit prinsipielt skilje mellom skrift og tale, er svært avgrensa. Den typiske talesituasjonen er opplagt forskjellig frå den typiske skrivesituasjonen. Det har med både medium og nærheit i tid og rom å gjøre. Men dét kan ikkje utan vidare brukas som argument mot å sjå skriftmålet i forhold til talemålet når ein skal diskutere grammatikk og normer. Grammatikken i talemålet kan brukas i skrift – og han blir det – og grammatikken i skriftmålet kan brukas i tale – og han blir det. Argumentet om at skrift er noe anna enn tale, er altså mest sant når det gjeld dei pragmatiske vilkåra. Når det gjeld grammatikken, er det vanskelig å peike på nødvendige («naturgitte») forskjellar (jf. elles Sandøy 2002). Derfor er det interessant å sjå korleis folk spontant utnyttar talemålet som skriftspråk – endatil utan opplæring, jf. for eksempel Vikør (2004) og ymse studiar av SMS-språk (Skog 2004). Det er svært lite i naturen åt språket som tilseier at skriftmålet er noe anna enn talemålet. Det er viljen åt brukarane som avgjør – og den blir avspegla i førestillingane vi har om kva skriftmålet er for noe.

Med å framstille skiljet mellom tale og skrift som fundamentalt kan ein komme lett unna diskusjonar om kven sitt språk som blir privilegert når skriftnorma blir fastsett. Ein oppnår å avpolitiserer striden. Ein skjuler det som er eit *bør*, med å framstille det som eit *er*.

Eit språk som kollektivt fenomen må forståas som eit sett av normer, men desse kollektive normene «eksisterer» sjølv sagt bare i individa – i det vi kan kalle den sosiale orienteringa hos individa. Slik kan vi definere normene som *førestillingar hos individa om kva som kollektivet forventar av dei*. Det kan vere nyttig å skilje mellom ulike typar normer, og eit viktig skilje går mellom faktisk brukt språk og føreskrivne (preskriptive) normer. Den siste typen kjenner vi godt til som i «føresegner» om korleis ein bør skrive og tale. Om normene som ligg bak det faktisk brukte språket, føretrekker somme å bruke termen *operative normer* (Dyvik 2003:30) framfor *internaliserte normer* (Vannebo 1980, jf. òg Brunstad 2000). Dyvik brukar «operativ norm» for å unngå for sterk fokusering på individet. Men faren med dét er at termen fokuserer så sterkt det overindividuelle at dei sosiale mekanismane og den sosiale orienteringa hos individa blir uinteressante. Perspektivet blir lett avgrensa til at språknormene bare «eksisterer som en

stilltende overenskomst mellom språkbrukerne» (Dyvik 2003:29f.). Beskrivinga opnar f.eks. ikkje for at partane i «overenskomsten» har eit sosialt spel seg imellom der somme har meir makt enn andre. Refererer ein bare til det overindividuelle, hindrar det oss i å dra inn det sosiologiske perspektivet.

Innafor eit språk – som norsk – er det stor variasjon. Men det fins ein del tendensar til *konvergens* i språknormene, og dei kan vi omtale som varietetar. Dialektar og sosiolektar er slike varietetar, og dessutan nynorsk i-mål, moderat bokmål, folkelig bokmål osv. Men mye variasjon fell utafør beskrivinga av norsk dersom vi strammar inn og fokuserer bare den mest konvergente varietetten. Da blir det fort mange som ikkje snakkar eller skriv norsk språk. Men vi er neppe i tvil om at det er norsk dei skriv eller talar, for vi har stor passiv kunnskap om og forståing av andre sine internaliserte normer. Skriftnormalane er eit utplukk av dei akseptable variantane av norsk, og skriftmålspolitikken dreiar seg om dette utplukket og om å påverke konvergensens kring det.

Mekanismane bak konvergensens (dvs. tendensar til homogene mønster) i skriftmålet er på språkbrukarnivået av same type som dei som skaper konvergens i talemålet (dvs. varietetar som dialektar og sosiolektar). Mekanismane må forståas sosialt og sosialpsykologisk. Dermed kan ein forstå dei internaliserte normene som ein kombinasjon av kva vi trur blir venta av oss, kva sjølvbilde vi vil uttrykke, og vanar. Same mekanismane gjeld i prinsippet for både skrift og tale (Sandøy 2003b). At forventningane er ulike, og *korleis* dei er ulike, gjeld kultursida av språket, og viser korleis kreftene i det sosiale spelet er ulikt sterke i samband med dei to media.

Studerer vi internaliserte normer i norsk, må vi studere alt som blir brukt og rekna som norsk. Det er eit grammatisk studium av det som er akseptert som norsk. Men ettersom vi òg har internaliserte normer om kva situasjon vi bør bruke eller ikkje bruke visse variantar i, må språkstudiet òg omfatte den sida av variasjonen. Vi lar vere å bruke visse ord og former i visse situasjonar, for det «tar seg ikkje ut». Skrivesituasjonane kan beskrivas sosiolingvistisk likeins som andre språkbrukssituasjonar. Å skrive *sein* og *heim* stimulerer f.eks. ikkje dei mest positive lærarholdningane. «Det hadde vært bra om vi fikk skrive sånn, men ikke helt lurt på norsktentamen», svarte ein informant da Roy Johansen undersøkte forholdet elevar hadde til skriftnormene (Johansen 1998:104–107). Slike replikkar gir tydelig sosiolingvistisk informasjon om kreftene bak konvergensens.

Korleis kultursosiologien fungerer, er forklart f.eks. i Maktutgreiinga (Østerud o.fl. 2003a:282), og der er det også omtalt så krast som «mental kolonisering» når dei sosiale gruppene får sine kultursymbol nedvurdert og godtar andres verdiar. Rettnok gjeld eksempla der forholda norsk – samisk, bokmål – nynorsk og engelsk – norsk, men parallellen til «det dannede talemålet»

– folkemålet og til riksmål – folkelig bokmål kan ikkje vere usynlig. Derimot kan ein velje å oversjå det andre reknar som vitskaplege innsikter, slik Finn-Erik Vinje gjorde i *Aftenposten* 18.2.04:

«Vanskeligheten med en slik forklaringsmodell – strukturell vold gjennom det hegemoniske apparat – er ikke at den er falsk, men at den kan anvendes på nær sagt all ting, og at den forklarer alt og ingenting. Man avskriver den mulighet at individet handler ut fra selvstendige overveielser.»

Det Vinje gjør her, er å «avskrive» som interessante data at det fins sosiale mønster i det han kallar «selvstendige overveielser».

I det sosiologiske perspektivet kan ein spørje om korleis internaliseringa av normer føregår, kven som har mest innverknad på normdanningsprosessen, og kven sine former som blir dytta vekk i konvergensens. Stenger ein ute dette breie studieperspektivet og avgrensar seg bare til å beskrive det konvergente språket, definerer ein seg bort frå dei politiske sidene ved språket.

Askedal o.fl. (2003) fortel at dei beskriv ein «realitet» når dei lagar frekvensstudiar i redaksjonen av *Riksmålsordlisten*. Dette er ei klage mot Språkrådet, som ikkje har brydd seg nok om «realiteten». At dette kan komme av at Språkrådet har hatt ein tendens til å definere realiteten annleis og vidare, går firemannsnemnda ikkje inn på. Derimot bryr dei seg ikkje om all variasjonen (som dei kallar «vakling») i databasen sin, for normeringsgrunnlaget deira er avgrensa til «velpleid» språk. Med denne holdninga til data er det lett å lage sirklar og å forsterke nettopp den konvergensens dei ønskjer – trass i det retoriske ordet «realitet».

### 3. Korrektheit

Med det snevre utgangspunktet drar ein ikkje inn eit skilje mellom *grammatisk akseptabelt* og *sosialt korrekt* – med den uheldige konsekvensen at variantar som fins i faktisk norsk språkbruk, forsvinn ut av beskrivinga av normene for norsk. Vi kjenner godt til ytringar som «Her seier vi *vukku*, men på norsk heiter det eigentleg *uke*». Men om ein person skriv (eller seier) *vukku*, forstår vi det, og vi reknar det som norsk. Det er altså akseptabelt norsk. Men ikkje alle reknar det som sosialt korrekt.

Skriftmålskulturen dyttar altså på oss ein del normer for kva som er sosialt korrekt språk. Desse normene kan vi diskutere og ev. ønskje å endre. Dét er ikkje annleis enn at vi kan diskutere det symbolske innhaldet i at kvinner byter etternamn ved giftarmål, sosiale konvensjonar om kven som har omsorgsansvaret for barna, skeiv kjønnsfordeling i regjeringspostane osv. Da drøftar vi konsekvensane av desse sosiale mønstra, og myndigheitene kan vedta nye vilkår som dei håpar opnar for noe politisk



betre. Kvinnesaksspørsmåla er legitime i den offentlige debatten, også rasespørsmål osv. Det er ingen grunn til at språkkulturen skal vere meir latterlig som tema. Parallellane her skulle vere tydelige.

Det ligg definisjonsmakt hos den som redigerer kultursider og set overskrifter. Det gjør ein òg med å ty til den autoritative tonen. Radioprogrammet Språkteigen i NRK utøver ofte denne autoritetsfunksjonen. Dette er eit typisk brev frå ein innsendar: «Vi har hatt en diskusjon i lunsjpausen om *de/dem* i norsk. Kan du forklare grammatisk hvorfor det heter: Vi snakket med *dem*.» Spørsmålet er truleg ei repetisjonsøving. Det vanlige er å gi eit grammatisk svar om subjekt og objekt. Dette er som eit teaterstykke som går kontinuerleg. Utafor teateret er det vanligast å ikkje skilje mellom *de* og *dem*. Dermed er faktisk norsk språk ikkje slik det blei svart i Språkteigen.

Autoriteten at den institusjonen vi kallar Norsk Språk, blir stadfesta gjennom kulturelle repetisjonar og ritual, slik som andre nasjonale symbol blir det. Skoleverket og raude strekar utfører viktigaste implanteringa av lojalitetskrava. Latterleggjøring i avisene av avvikarane fungerer likeins (jf. James Milroy & Lesley Milroy 1985, jf. òg Kristiansen 2003). Der skriv ein sjølvsagt ikkje om manglande lojalitet til det autoritative, men om manglande språklig «nivå» og dårlig «kvalitet».

Det blir gjerne framstilt som noe sjølvsagt det at folk spør etter kva som er korrekt: «Språkspørsmålene, såvel fra alminnelige språkbrukere som fra f.eks. journalister, har et fellestrekk: Man vil vite hva som er korrekt.» (Dyvik 2003:32.) Redaktør Per Egil Hegge i *Aftenposten* fortel i eit intervju i si eiga avis 19.9.04 at

«Damer stopper meg på gaten og spør om bøyning og tegnssetting, jeg får 40-50 brev hver eneste dag. Da jeg nylig hadde noen dager fri, lå det over 800 e-poster og ventet på meg. Språkinteressen er så sterk at den helt overrumplet meg.»

Ikkje rett lite litteratur kjem ut for å tilfredsstille desse interessene. Språkrådet (også språknemndene i hine nordiske landa) brukar å legitimere delar av aktivitetane sine med alle spørsmåla som kjem inn.

Ein kan sitte igjen med det inntrykket at ropet på språklig autoritet er naturbunde. Men det å vere opptatt av det korrekte språket, er ikkje ein naturgitt eigenskap, det er kulturbetinga. I det vesle vi har av språkssosiolingvistik i Noreg, går det fram at konsentrasjonen om korrektheita viser sosiale mønster (Selback 2001, Sandøy 2003a:183–187). For eksempel ser bokmåls- og nynorsktilhengarar ulikt på verdien av det korrekte, og ikkje uventa er aldersforskjellane store. Denne kulturavhengigheita kan vise oss at det neppe er noe naturbehov som ligg til grunn når publikum spør språknemndene mye om kva som er korrekt. Publikum er opplært til å spørje nettopp

om det. Interesse for det korrekte kan byggas opp som ein del av sjølvbildet og markering av livsstilstilhørse. Di meir symbolsk verdi som kulturen legg i korrektheita, di fleire spørsmål får Språkrådet, di større interesse får det korrekte på lærarromma, di fleire spørsmål kjem til Språkrådet, osv. Slik er det noe sjølvforsterkande i denne kulturen.

Men ikkje heilt ut sjølvforsterkande, for ungdommane i dag brukar dialekt når dei skriv tekstmeldingar. Forskaren Brit Skog viser i ei gransking (2004) at 52 % av elevane i vidaregåande skole i Noreg (og 73 % i Trøndelag!) tekstar på dialekt. Slikt skaper frykt hos korrektheitsforkjemparar. For eksempel har Finn-Erik Vinje gått ut i media med eit varsku (*Bergens Tidende* 3.12.03). Forskaren Brit Skog konkluderer derimot med at «Bruken av dialekt i tekstmeldinger kan [...] ses som et uttrykk for ei språklig bevissthet». Her ser vi ein folkelig skrivepraksis der variasjon blir utnytta som ein *resurs*.

#### 4. Usus-prinsippet

Språknormerarar i Språkrådet har dei siste åra stadig vist til «usus» og ønskjer med det å appellere til «faktisk språkbruk» som leiestjerne. Korleis ususen er skapt, blir ikkje dratt inn i drøftingane.

«Jeg tilgir aldri at den konservative Adresseavisen fortsatte å skrive 'chauffeur', 'blev' og 'sprog' lenge etter at all fornuft tilsa noe annet. [...] Adresseavisen insisterte på å være normen. Og slik ble det forstått, også av mange som holdt seg til Arbeideravisa. [...] S]pråk er makt. Språk gir sosial autoritet og sosial autoritet omsettes gjerne og lett i politisk og økonomisk makt.»

Slik skriv Stein Ørnhøi i *Fædrelandsvennen* 17.2.05 om den kulturelle indoktrineringa som ligg i det skriftbildet vi blir innprenta.

*Adresseavisen* er blitt redigert etter same prinsippa som dei andre store avisene. Arne Torp har dokumentert grundig det han kallar «Språkpolitisk stalinisme i Aftenposten» i *Dag og Tid* (11.1.01), der han viser korleis redaksjonen korrigerer alt som skal på trykk, ikkje bare redaksjonelt stoff, men også reklame og dødsannonsar – når det er på bokmål. Den autoriserte språkforma bygger på *Riksmålsordlisten* (1994). I *Språknytt* 3–4/2004 viser Torp korleis *Fædrelandsvennen* har same praksisen. Andre kjenner det att frå andre aviser. Mønsteret er at desse avisene har ein eller to personar som er språkan-svarlige, og dei får drive kustus i alle spaltene med den grunngevinga at avisa må ha eit einskaplig språkpreg.

I dei store forlaga skjer stort sett det same. For eksempel har Aschehoug forlag sine reglar om ein konservativ Aschehoug-normal, og den blir gjennomført så hardt at da *Vårt eget språk* (1987) skulle produseras, fekk bokmålsforfattarane beskjed om at dei hadde valet mellom

å trekke seg frå bokprosjektet eller vere lojale. Det var ingen nåde; så viktig var det for forlaget å demonstrere si makt over språkforma.

Her ser vi dermed agens bak «usus» eller konvergensen i skriftmålet. Det er svært fåe personar som har den faktiske makta over stordelen av norsk tekstproduksjon. Dette er ikkje noe språklig demokrati, for om ein innsendar skriv eit innlegg om «jenta som kasta boka ut fra brua», er risikoen stor for at det på trykk blir til «jenten som kasten boken ut fra broen». Når Språkrådet har begynt å investere arbeidstid og pengar i å undersøke kva skrive- og bøyingsformer som har høgast frekvens i «faktisk språkbruk», er det for det første bortkasta pengar, for ein telefonrunde til dei fåe ansvarlege ville vere billigare, og for det andre styrer prosessen med dokument og fokusering oppmerksamheita bort frå dei sosiale motsetningane. Språkrådet har begynt å oppføre seg som eit utøvande ledd for den språkkulturelle dominansen i landet.

Dette kan dokumenteras frå revisjonsarbeidet med bokmålet fram til vedtaket i 2003 – som departementet nå har vedtatt å autorisere frå 1.7.05. Grunnlagsmaterialet er desse databasane: Aviskorpuset, Oslo-korpuset, Norsk-engelsk parallellkorpus og Google. Første basen består av *Aftenposten*, *Verdens Gang*, *Dagbladet*, *Dagens Næringsliv*, *ODIN*, *Fædrelandsvennen*, *Stavanger Aftenblad*, *Adresseavisen* og *Nordlys*. Om den andre heiter det at «[m]ange av avistekstene er de samme som aviskorpuset. Bergens Tidende utgjør den desidert største delen av avis- og ukebladgenren» (frå sakspapir til fagnemndmøte for bokmål 3.10.02). I tillegg er det også ein sakprosa-komponent som består av NOU-rapportar og norske lover og forskrifter (altså eit juristprega språk), og ein liten komponent skjønnlitteratur (sannsynligvis frå dei store forlaga). For parallellkorpuset er det bare opplyst at det er bygd på skjønnlitteratur. Eit korpus av «Eldre avistekster» består av *Arbeiderbladet*, *Dagbladet*, *Vårt Land*, *NTB* og uspesifiserte aviser frå 1900, 1925 og 1950.

Det er ikkje vanskelig å sjå kva språkdirigentar som her styrer mest. Konkret dreiar deg seg om 10–15 personar. Den mest markerte motvekta mot det moderate bokmålet er *Dagbladet*, men den avisa har også ei intern språknorm og sensurerer dermed språkforma (men rett nok ikkje like strengt). Det er ei søkt tolking når Askedal o.fl. (2003:117) kallar mønstra i usus for «den folkelige motstanden».

Det refererte sakspapiret nemner det problemet med Google at frekvenstala blir unøyaktige pga. arbeidsmåten åt denne søkemotoren ettersom han repeterer same eksempelet svært ofte. Denne kritiske refleksjonen er interessant, for han viser at frekvensar er generelt viktige i utgreiingsarbeidet. At dei andre basane for utgreiinga representerer sensurert språk, blir ikkje nemnt! Det blir altså slått i bordet med harde data utan at ein har dis-

kutert statusen åt det objektet ein har studert. I moderne kultursosiologi er ein opptatt av korleis verdiar og ideologi blir reprodusert. Her er eit eksempel.

I ei meir kritisk tilnærming kunne ein seie at dei nemnte avisene er nettopp dei ein burde oversjå. Det er dei usensurerte og språklig friare publikasjonane som det kunne vere nyttig å få vite noe om når ein vil nærme seg «folkets røst». Dei tre avisbasane kunne derimot vere nyttige og interessante i ein studie av kreftene bak språknormene (av *kven* som har makta og *korleis*), for dei viser kor ofte det norske lesarauget blir bombardert med éin bestemt språksmak. Det kan tilføyas her som fordel med Google-materialet at det er den minst sensurerte basen som er brukt, slik at ein her kan finne mangt som er ein del av akseptert norsk språk.

Heldigvis er ikkje resultatet av rettskrivingsrevisjonen så gale som ein kunne frykte ut frå denne beskrivinga, for statistikkane blir brukt innafor eit politisk handlingsrom der det framleis er grenser for kva ein kan vedta. Poenget er at ein utan ei normkritisk tilnærming bare forsterkar konvergensen ved å gjøre dei sterke enda sterkare. Ingenting tyder på at maktperspektivet er av interesse i det nye Språkrådet foreløpig, for språkdirektøren uttalar at «[s]pråknormering bør være basert på godt skjønn – og nese for hva som kan aksepteres av skriveføre folk.» (*Aftenposten* 19.9.04.)

## 5. Plage eller resurs?

Norsk språkpolitikk i første halvdel av 1900-talet følgde ein konfliktmodell. Formuleringa «national samling paa grundlag av folkets virkelige talesprog» var ein provokasjon, ikkje pga. av «samling», men pga. den premissen som seinare lydte «på norsk folkemåls grunn». Samling rundt éi norm var ein del av nasjonsidealet åt alle fløyene, og alle rekna situasjonen som plagsamt unormal inntil dei sjølvve vann. Argumenta om at «samling», «tilnærming» eller «statsstyring» er naturstridig osv., er interessante i den retoriske og ideologiske analysen, men engasjementet og dei sosiale motsetningane i konflikten kan best forstås som reaksjon mot folkemålsformuleringa.

I ein historisk samanheng blir Vogt-innstillinga eit vendepunkt. Vogt-komiteén heitte språkfredskomiteén, og komiteén var pålagt å framheve harmoni. Denne innstillinga utvikla ein retorikk om språkvern mot ein ytre trussel som skal rettferdiggjøre ein harmonimodell. Komiteén ønskte å fjerne det «som hindrer en samling av kreftene om vern av hele vår språkarv» (Innst. 1966:9). Vi ser òg at Vogt-komiteén reiste tvil «om normering av skriftspråk er et område det er naturlig å regulere ved lov» (Innst. 1966:30). «Hvilke av de levende former som har størst gjennomslagskraft, vil utviklingen selv avgjøre.» (Innst. 1966:31.) Formuleringa «utviklingen selv» minner om språksynet åt C.J. Hambro – og usus-tilhengarane. Eit produkt av Vogt-komiteén var Norsk språkråd, som i 1972 erstatta Norsk språknemnd, og i

Språkråds-lova blei «på norsk folkemåls grunn» fjerna or formålsparagrafen, mens «samlinga» fekk stå i ei meir dempa form enn i lova for språknemnda. Det heitte nå at ein skulle «støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen».

Etter vel ein generasjon med kompromissorganet Norsk språkråd kan det nå sjå ut til at Kulturdepartementet vil «normalisere» den norske språksituasjonen enda meir ved å avvikle språkpolitikken der motsetningane kan brettas ut og diskuteras ope. Departementet klarar over at normeringa har fått for stor plass. Kva departementet eigentleg vil, er ikkje klårt formulert, men det er mulig å tolke dokumenta. Vi ser igjen at det er ein vernetanke ein skyt seg inn under, for i Kulturmeldinga (St.meld. nr. 48/2002-2003) er det engelsktrusselen som er bakgrunnsbeskrivinga for framlegget om å lage ein ny institusjon som skal «utforma og gjennomføra ein framtidig språkpolitikk» (s. 188). Den nye språkdirektøren, Sylfest Lomheim, gjekk tidlig etter tilsettinga ut med programerklæringa om at «Målstriden hørde 1900-talet til. På 2000-talet er det språkkampen som gjeld» (m.a. i *Dagbladet* 10.3.04).

Dei politiske føringane frå Kulturdepartementet kjem òg fram f.eks. i høringsbrevet frå 20.1.04 om eit nytt språkråd, der det fleire gonger er inne på korleis Språkrådet bør stå fram utover:

«institusjonen bør legge vekt på å utforme og formidle sitt samfunnsoppdrag på en slik måte at det festner seg et positivt inntrykk i opinionen, og at det også gjelder å bygge en plattform for gode mediestrategiske vurderinger».

Det er viktig at ein har slike taktiske moment med seg. Men eit fagleg organ bør ha ei kritisk og reflektert holdning til dei mange agentane i kulturlivet og den rolla dei spelar. Det skal ikkje arbeide på premissane åt visse medieorgan. Språkrådet skal ha mot og evne til å påvise dei kulturpolitiske mønstra og samanhengane.

I Språkrådet sjølv har det òg vore tonar om at det er «pinlig» at Språkrådet får så mye omtale av saker som gjeld «bannan» og «beiken», mens alt anna viktig arbeid blir oversett. Men dette spørsmålet kan også analyseras på ein annan måte: Dette skjer fordi Språkrådet her har treft midt i eit konfliktområde; i desse sakene har altså Språkrådet utført oppgåva si. At media skaper oppmerksomheit, aukar dessutan folkeopplysninga, og utan slik debatt hadde refleksjonsnivået kring språk vore mye dårlegare i landet. Det som heller er problemet, er at Språkrådet ikkje greier å treffe tilsvarende konfliktområde på dei andre områda det arbeider. Det vågar ikkje på same måten å gå ut med standpunkt og grunngevingar som provoserer når det gjeld f.eks. andre-

språklæring, undervisning i morsmål for innvandraraklarspråk, terminologi, domenetap osv.

Dei siste tiåra er det få som har hevda at språket er ein sjølvstendig organisme. Derimot finn vi uttrykk som «utviklingen selv» (jf. Vogt-innstillinga), som ligg svært nær den essensialistiske oppfatninga. Det viktige politisk er om ein opnar for at den sosiologiske sida av språket har relevans for språkpolitikken. Det gjør ikkje alle, som vi ser f.eks. av påstanden om at «den folkelige motstanden» mot offentlig rettskriving kjem av at «flertallet [...] oppfattet skriftspråket som kommunikasjonsmiddel, og ikke som ideologibærer» (Askedal o.fl. 2003:117). Det skal mye ideologi til for å skubbe vekk tunge vitskapar så lett som dette.

I synsmåtene som Dyvik (2003) legg fram, er derimot den sosiologiske sida erkjent, men ho blir ikkje utnytta til problematisering, og interessemotsetningar blir ikkje nemnt. Derimot blir dei sosiologiske mekanismane bak den språklige autoriteten drøfta, f.eks. med å nemne at den blir meir effektiv dersom autoritetane kan uttrykke seg med «er» i staden for «bør». «Dette er den unngåelige irrasjonelle kjerne i preskriptiv språknormering: Normeringen er mest vellykket når den på en troverdig måte besvarer spørsmål som ikke har noe svar, som om de har det.» (Dyvik 2003:32f.) Denne utsegna fell godt saman med definisjonen av normer som «en stilltende overenskomst mellom språkbukere» (jf. ovafor). Framstillinga viser såleis eit politisk val av ideal.

Det politiske alternativet er at ein nettopp ikkje skal teie still, og at språkpolitikken skal skape kritisk refleksjon kring det autoritative og til kulturmekanismane som skaper mental kolonisering. Språket i det moderne samfunnet er blitt eit så viktig kulturelt og ideologisk instrument at samfunnsborgarane treng ein vedvarande diskusjon som kan vere avslørande. Denne språkkulturelle refleksjonen i samfunnet er sjølv ein viktig føresetnad for å føre ein demokratisk språkpolitikk. Her som på andre område kan ein spørje om demokratiet forvitrar, jf. Maktutgreiinga. Det er ingen grunn til at språket skal vere unntak frå slik refleksjon. Vi ser på det som ein kulturell rikdom når det føregår hissige debattar om funksjonen åt litterære verk, om påvisingar av sosiale mønster i kunstmaken, om kjønnsdiskriminering i idretten osv. Språket er òg kultur, og språkstrid er ein kulturresurs.

Kampen om førestillingane er viktig: «Den indirekte makten kan være utilsiktet og skjult for aktørene, men den kan også formes strategisk og påvirkes gjennom bevisstgjøring og handlingsvalg.» (Østerud o.fl. 2003b, kap. 2.) Måten språket blir omtalt på, måten språkspørsmålet blir aktualisert på, formidlar førestillingar og skaper den språklige bevisstheita, som i neste omgang verkar på viljen til å gripe og skape språket.

## Litteraturliste

- Askedal, John Ole & Tor Guttu & Arthur O. Sandved & Ole Michael Selberg. 2003. Realiteter og prinsipper i bokmåls- og riksmålsnormeringen. I: Helge Omdal & Rune Røsstad (red.), *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. 93–119.
- Brunstad, Endre 2000. Språknormer som forskingsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språknormforskninga. I: Randi B. Brodersen & Torodd Kinn (red.): *Språkvitskap og vitskapsteori. Ti nye vitskapsteoretiske innlegg*. Larvik: Ariadne. 46–68.
- Dyvik, Helge. 2003. Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning? I Helge Omdal & Rune Røsstad (red.), *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. 25–40.
- Eitrem, Hans & Amund B. Larsen & Steinar Schøtt. 1909. *Utredning av spørsmålet om et mulig samarbeide mellem landsmaal og riksmaal i rettskrivningen*. Kristiania: Kyrkje- og undervisningsepartementet.
- Haugen, Einar. 1966. *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Innst. 1966 = *Innstilling om språksaken fra Komitéen til å vurdere språksituasjonen m.v. oppnevnt ved kgl. res. 31/1 1964*. 1966. Oslo: Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Johansen, Roy 1998: "Åffer skriver vi hvordan når vi meiner åssen? Forholdet mellom talemål og bruk av valfrie skriftspråkformer i bokmål hos ungdomsskoleelevar" (Hovudoppgåve.) Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Kristiansen, Tore. 2003. Refleksjoner omkring sprogvidenskabens rolle og muligheder i sprognormeringssspørgsmålet – med Danmark som eksempel. I Helge Omdal & Rune Røsstad (red.), *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. 155–164.
- Milroy, James & Lesley Milroy. 1985. *Authority in Language. Investigating Language Prescription and Standardisation*. London: Routledge.
- Sandøy, Helge. 2002. Skrift og tale – to kulturar? I: J. Peter Burgess & Odd Monsson (red.): *Modernity, Nation, Written Culture*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. 113–133.
- Sandøy, Helge. 2003a. Skriftvariasjon. I: Brit Mæhlum & Gunnstein Akselberg & LUnn Røyneland & Helge Sandøy: *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen. 167-196.
- Sandøy, Helge. 2003b. Den norske normeringssirkelen. I: Helge Omdal & Rune Røsstad (red.), *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. 259–271.
- Selback, Bente. 2001. "Det er heilt naturleg." *Ei gransking av skriftspråkshaldningar*. [Hovudoppgåve.] Bergen: Nordisk institutt.
- Skog, Berit. 2004. "Kor e du?" – om dialekt på sms. I *Språklig Samling* 2/2004, s. 3–8.
- Vannebo, Kjell Ivar. 1980. Om språkvitenskapens normbegrep. I *Tijdschrift voor Skandinavistiek* 1. 3-22.
- Vikør, Lars S. 2004. *Dialektar som skriftspråk i tre norske distrikt*. Oslo: Novus.
- Østerud, Øyvind & Fredrik Engelsstad & Per Selle 2003a. *Makten og demokratiet. En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen*. Oslo: Gyldendal.
- Østerud, Øyvind & Fredrik Engelsstad & Per Selle 2003b. *Makt- og demokratiutredningen*. <http://www.odin.dep.no/aad/norsk/publ/utredninger/NOU/002001-020015/index-dok000-b-n-a.html>

## Gud signe det dyre fedrelandet vårt

I Språklig Samling 2/06 fekk vi – og spesielt eg personleg – språkpolitisk juling av Kåre Lunden. Det gjorde godt! Først og fremst er det godt å bli sett av ein historieprofessor med kunnskap om og innsikt i den delen av historia som er bakgrunnen for at LSS eksisterer. I tillegg er det jubel i at skriveføre folk utanfor vår eigen, lille krets lar seg erte opp til å stille prinsipielle spørsmål ved både det språket vi bruker i skrift og tale når vi vender oss til folk, og ved sjølve ideologien vår. Lunden set til og med innvendigane sine inn i ei historisk ramme, illustrert med korleis han tolkar Halvdan Koht.

Statsmannen, historikaren og språkmannen Koht rekna opp to åtskilte språkpolitiske linjer, seier Lunden, ei som gikk attende til *Danmark* og ei som førte til *det gamle Noreg*. Den språklege samlinga, samnorsken, skulle etter Kohts mening vere «avgrensa til den lina som førde tilbake til Noreg og folket (bønder og arbeidrarar), ikkje til Danmark og overklassen». Lunden sluttar seg til dette synet, og konkluderer med at LSS på eit slikt grunnlag ikkje fortener namnet, eller iallfall ikkje kan seiast å arbeide for samling på *folkemålsgrunn*.

Her synes eg Lunden blir for prinsipiell. Koht levde og skreiv i ei anna tid; vi slåss ikkje lenger med Arnulf Øverland, analysen av språket i den norske klassestaten bør sjå annleis ut i dag enn den gjorde for 50-60-70 år sia. Om Lunden trur seg skrive eit reint folkeleg proletar-norsk, utan å vere påverka av si eiga utdanning, publikumet sitt, ja, av si eiga tid, så er han langt unna målet. Han er akademikar så det held, og det pregar det han skriv, ordvalet, setningsbyggnaden, heile stilen – og

det skulle bare mangle. Ingen skriv i eit (språk)historisk vakum. Dette er nok Lunden klar over. Kva er det da som turrar han?

Lunden kjem med ein god del døme frå det eg skreiv i ei pressemelding til utdelinga av litteraturprisen for 2005, og frå det eg sa i talen same stad (denne blei trykt i bladet, slik vi plar gjøre i samband med prisutdelinga). Det ville vere lett å arrestere han på enkeltpunkt, peike på elitisme i hans eiga uttrykksform og ta til motmæle mot det eg oppfattar som absolutisme i kritikken mot stilvalet mitt, så det skal eg ikkje gjøre (eg bare måtte i overskrifta!). Han har sjølv sagt rett i at eg med fordel kunne uttrykt meg meir folkeleg og mindre «byråkratisk-lærd». Substantiv-sjuka, for eksempel, er sjeldan tiltalende. Eg vil likevel halde på at uttrykka er tatt ut av ein samanheng, og at det kunne vere andre grunnar til at eg valde akkurat *det* ordet og *den* seiemåten, der og da.

Så til spørsmåla som Lundens innlegg reiser: Bør LSS dele ut ein pris som er reservert bokmålskribentar? Bør lagets talsmenn velje ein uttrykksmåte mye meir i samsvar med tradisjonell samnorsk-tenking når dei talar og skriv offentleg? Bør laget ta seg ein *ny* prinsippdiskusjon med utgangspunkt i den kritikken Lunden kjem med?

Eg tar det siste først, for det er lett å svare på: Ja, vi bør absolutt diskutere det prinsipielle grunnlaget vårt, heile tida, eigentleg, og spesielt med utgangspunkt i det Lunden peikar på. Når det gjeld prisen, har den ei forhistorie som ikkje Lunden kjenner, og utdeling av rentepengane frå *fondet* er knytt til publisering av tekstar på radikalt, folkeleg bokmål. Det står fast i vedtektene, men at folk

stiller spørsmål ved om vi da ikkje gjør vald på namnet og omgrepet *språkleg samling*, får vi tole, og ein eventuell diskusjon om den saka skal vi ikkje prøve å stogge.

Da er eg ved det mindre prinsipielle, men ikkje mindre interessante spørsmål to, der Lunden altså tar fatt i min eigen språkbruk i tekst og tale. Eg skal komme med mitt eige syn på den saka, og grunngi det så godt eg kan.

For det første er eg austlending og har budd og arbeidd i området mellom Fredrikstad og Bærum heile livet. I tillegg er eg universitetsutdanna, lærar i den vidaregåande skolen og har jobba språkpolitisk i snart 25 år – halve livet, faktisk. Og valet fall på Språklig samling først og fremst fordi det passa magekjensla og språkkjensla mi, men også fordi eg meinte det var *prinsipielt rett* å fremje dei folkelege, oftast meir talemålsnære samformene i bokmålet. Dei var talemålsnære for meg, og dei ser ut til å vere talemålsnære for stadig fleire nordmenn. *Prinsipielt* vil her også sei *demokratisk*.

Kva med dei som *ikkje* har tilsvarende talemålsbakgrunn, må dei velje *bare* prinsipielt? Og burde dermed det prinsipielle telje mest for alle, uansett talemål? Noen meiner det, delar av målungdommen, blant anna, og kanskje også Kåre Lunden. Dei som skal *vedta* normeringsprinsipp, må sjølv sagt tenke strengt prinsipielt. Det må også LSS når vi presenterer og diskuterer normeringsgrunnlag. Men må vi tenke og handle prinsipielt i alle samanhangar der vi representerer laget, legge eigne preferansar til side og vere uhyre bevisst på eige formval? Burde eg med andre ord vere mindre meg sjølv og meir prinsipielt samnorsk i

skrift og tale når eg deler ut litteraturprisen kvart år? Tja og nei. Nei fordi *formatet* er så fordømt lite, og fordi eg sjølv sagt må stå fram som den eg er på dei utdelingane. Tja fordi spørsmålet er interessant og ikkje heilt kan avvisas – når held eg ein personleg tale til prisvinnaren og når er eg meir språkpolitisk representant som forvaltar kollektive prinsipp?

Men likevel, Kåre; det er ei tid for alt. Prinsipp er stas å diskutere, litteraturprisar er stas å dele ut, og da må ein først og fremst ty til dei orda ein har. Eg er sjeldan i tvil om kva for ord og uttrykk som er *mine*, så om stilen ikkje er heil språkpolitisk stoverein, får det vere. Du ser jo korleis det er fatt med nynorsken min! Eg held meg med *sjølvmelding*

frå Bærum likningskontor ein gong i året, mye for prinsippets skyld – men kanskje litt på ert, det også. Sorry!



Koht

## En kommentar til Kåre Lunden

I Språklig Samling 2/2005 sto et foredrag av ham om Halvdan Koht. Lunden sier i 2/2006 at han sympatiserer med det som han oppfatter som en hovedtanke hos Koht: «Dei norske, folkelege dialektane er ikkje meir ulike enn at det burde vere mogeleg å lage eit samlande skriftmål på dét grunnlaget.» Lunden sympatiserer vidare med Koht på følgende «hovudpunkt»: «Norsk allmennhistorie og språkhistorie er slik at vi har *to* linjer, ei som «førde til Danmark, og ei som førde til det gamle Noreg». På denne bakgrunn mener Lunden at det er urimelig å skjønne Koht annerledes enn at ei språklig samling skulle være begrenset til den linja som førte til «Noreg og folket (bønder og arbeidarar), ikkje til Danmark og overklassen». Rett skal være rett: Koht så på mange måter klart. I 1917 ga han uttrykk for at vi nordmenn «hev dei tri kyn», det var nettopp i det året at kategorien femininum gjorde sin entré i det som på den tid fortsatt het riksmål. (Koht er sitert etter Ernst Håkon Jahr: *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*, Novus, 1992, s. 73). Dette prinsippet, at norsk har tre grammatiske kjønn, legger jeg til grunn for ordlistearbeidet mitt, et forsøk på å smelte sammen bokmål og nynorsk. Dette var noe Arne Garborg så for seg allerede i 1897: «Det er tydeligvis en Art Forening af de to Sprog, som maa tilstrebes. Det enes Norskhed maa forbinde sig med det andets Kultur. Da staar vi ved Maalet». (Garborg er sitert etter Arne Torp/Lars S. Vikør: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*, Ad Notam Gyldendal, 1993, s. 215).

Lunden kritiserer måten Landslagetets litteraturpris er definert på: «den deles ut årlig til en forfatter/skribent som bruker et folkelig, radikalt bokmål». Lunden: «Samlingsomgrepet til samskipnaden er uttrykt i denne avgrensinga. Samling lyt skje med utgangspunkt i bokmålet, ikkje nynorsken.» Men, kjære Lunden, er ikke det følgende det viktigste som skjedde i norsk språkhistorie på 1900-tallet: at nynorskens tre kjønn trengte inn i bokmålet? Viss altså det er slik, bør ikke da samling skje med

utgangspunkt i et bokmål der de tre genera danner ryggraden? Lunden kritiserer videre ordleggingsmåten hos talsmannen Pål Styrk Hansen i forbindelse med den siste prisoverrekkinga. Pål talsmann kan svare for seg sjøl. Her bare dette: En skal ikke overdrive betydningen av forskjellige stillag (høgere og lågere stil), men en skal heller ikke neglisjere dette fenomenet. I talen til prisvinneren er det rimelig at talsmannen ordlegger seg høgtidelig, og det gjør han ved å bruke foranstilt pronomen. Jf. at det – uten sammenligning forøvrig – i Fadervår bør hete: La ditt navn holdes hellig, la ditt rike komme, la din vilje skje. Lunden ser ikke ut til å være oppmerksom på Garborgs poeng: «Det enes Norskhed maa forbinde sig med det andets Kultur...». Kultur har bl.a. med stillag å gjøre. Til slutt vil jeg få kommentere Lundens skepsis til bruk av passivkonstruksjoner, genitivs-s, substantivkonstruksjoner i stedet for verbale, og enkel bestemmelse i stedet for dobbel.

Når det gjelder passivkonstruksjoner, er jeg i hovedsak enig med ham. Å skrive *vi anser/mener at dette er korrekt* er bedre enn *dette anses for å være korrekt*. Men angående genitivs-s, deler jeg ikke Lundens uvilje, og jeg vil gjerne nevne noe den utmerkete, nå dessverre avdøde norskfilolog Bjarne Fidjestøl en gang sa til meg; han ga uttrykk for sin kjærlighet til genitivs-s. Tenk på Strindbergs sjølbiografiske Tjenestekvinnas sønn, skulle den boka på norsk hete Sønnen til tjenestekvinna? Blir ikke det for platt? Substantivkonstruksjoner: Disse kan vi unngå bade på bokmål og nynorsk. *Vi understreker viktigheten av dette* er dårlig uttrykksmåte. Godt er: *Vi understreker hvor viktig dette er*. Enkel eller dobbel bestemmelse: «I dag dominerer dobbel bestemtheit både i bokmal og nynorsk; men det er framleis ofte ein stilistisk nyanse mellom dei to uttrykksmåtene (det uendelege rom – det uendelege rommet; min mann – mannen min)». (Torp/Vikør: *Hovuddrag...*, s. 259–260.)



**B**  
BLAD

Returadresse:  
SPRÅKLIG SAMLING  
Postboks 636 Sentrum  
0106 OSLO

## **Innhold 3/2006**

**2 Redaksjonelt: Samisk språksjokk!**

**3 Lars S. Vikør: Festskrift til Tove Bull**

**7 Helge Sandøy: Frå «en levende organisme» til språklig «usus»**

**13 Pål Styrk Hansen: Gud signe det dyre fedrelandet vårt**

**15 Olav Momrak Haugann: En kommentar til Kåre Lunden**

